

**litt om serien**

# Nest best

-korleis det gode så lett tek plassen til Den Gode

Under andre verdskrigen var kaffi sjeldan vare, og kaffi-erstatninga som var å få tak i var basert på løvetann og erter. Ingen som hadde smakt ekte kaffi føretrakk erstatninga. Likevel gjekk det ned, det var jo trass alt det nest beste, var det ikkje?

Vi les i Bibelen og syng rett som det er i songar at Gud skapte oss for at vi skulle vere nært knytt til han, og at det er det beste for oss. Men vi har så utruleg lett for å knyte våre håp, vår verdi og vår identitet til eitt eller anna som vi løftar opp og gjer til det viktigaste i livet vårt.

I denne serien vil vi prøve å avsløre korleis ting som egentleg er gode i seg sjølv kan bli guds-erstatningar. Kvifor ta til takke med det nest beste, erstatninga, når den ekte livgjevande varen er gratis tilgjengeleg for alle?

**litt om tema**

Jødane på Jesu tid hadde enorme mengder reglar å halde seg til når det gjaldt korleis dei kunne bruke kroppen. Grekarane personifiserte venleiken i Afrodite og Adonis og tilbad dei for å få del i det dei hadde å tilby. I dag trur vi kanskje at vi har kasta alle reglar på historias skraphaug, men meir enn nokon gong er vi avhengige av å streve for å sjå perfekte ut. Vi kjenner presset kvar gong vi slår på TVen, opnar eit magasin eller sveiper innom Instagram. Vi tilber som aldri før.

Alt dette har rot i at vårt samfunn ser på kroppen som det einaste som er. Dermed blir vi livredde for døden, som både er kroppens endelege slutt, og for aldring og dvaskheit, som er motsatsen til alt som er ungdommeleg, livleg og virilt.

Den gode budskapet er at Gud blei kropp som oss nettopp for å fri oss ut frå slaveriet under døds- og alderdomsangsten som gjer at mirakel-remar og plastiske operasjonar er bra business. Det nest beste, dyrkinga av kroppen, kostar oss enorme summer, men det beste er heilt gratis.

# SOMMARKROPPAR OG BILRINGAR

Les teksta  
Hebr. 2, 14-18



**Bibel**

**-veglegiande spørsmål:**

- På kva måtar kan det kome til uttrykk at menneske «av redsle for døden er under slavekår heile livet»?
- Kva er skilnaden på å be til ein svevande, berre-åndeleg gud og ein gud som «sjølv har lide og vorte freista?»



**Fellesskap**

**-den ærlege samtalen**

- Har de døme frå bøker, film, tv eller liknande på personer som ser ut til å trivast med kroppen sin? Verkar det ekte eller er det berre fasade?
- Kvar i samfunnet rundt dykk kan de sjå at kropp blir dyrka som ein avgud?
- Kan vi tenkje mindre *på* oss sjølve utan å tenkje mindre *om* oss sjølve?

**-gjennom deg og vidare**



**Misjon**

Korleis kan evangeliet vere godt nytt for menneske som slit med å akseptere sin eigen kropp? Kva må vi vere varsame med?



**Raushet**

**-takksam deling**

Kvar går skiljet mellom sunn sjel i sunn kropp og kroppslig forfall på eine sida og avguds-dyrking på andre sida?

Korleis kan eit sunt forhold til kroppen gjere oss meir i stand til å bety noko for andre?

"Ingen naturlege kjensler er opphøgde eller låge, heilage eller ugudelege i seg sjølv. Dei er alle heilage når Guds hand har styringa. Dei vert alle forderva når dei riv seg laus og gjer seg sjølv til avgudar".

-C.S. Lewis,  
*Den store skilsmissa (1944)*



**Bøn**

**-takk, bøn og forbøn**

- Takk for dei kroppane vi har fått utdelt
- Be om lækjedom for både innvendige og utvendige sår og skavanker.
- Be for alle som er slavar under sjølv-biletet og kroppsideala sine, at dei må oppleve å bli verkeleg frigjorte frå dette.
- Del gjerne bønneemne og be for kvarandre

Måten vi veks på som kristne er å lære oss å skilje ut kva som er Guds tale til oss og så handle på det. Av alle samtalaner, tekstane og bønene i dag: Kva har blitt ståande som viktigast? Under kan du skrive kva det er, og kva slags respons du vil gje dette. Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.

**Kva hørde eg?**

**Kva gjer eg med det?**



*-korleis det gode så lett tek plassen til Den Gode*